

ÅRSRAPPORT

2010

KILDEN
Informasjonssenter for kjønnsforskning

KILDENs årsrapport 2010

Innhold

årsrapport.....	1
2010	1
KILDEn Informasjonssenter for kjønnsforskning	1
1. Hovudsatsingsområde og milepålar i 2010	6
Formidling.....	6
Dokumentasjon	6
Internasjonal.....	7
Samarbeid og prosjekt.....	7
2. Nettstaden	8
Forskningsnyheter	8
Mediespeilet	9
Nordkalender.....	9
Publikasjoner.....	9
Engelskspråklege nettsider	10
Besøksstatistikk.....	10
3. Førespurnader, nyheitsbrev og nye sosiale medium	13
Førespurnader.....	13
KILDEN sitt e-postbaserte nyheitsbrev.....	13
Nyheitsbrev på engelsk	13
Facebook-gruppe.....	13
4. Tidsskrift for kjønnsforskning	14
Redaksjonen	14
Utgitte nummer	15

KILDENs årsrapport 2010

Årets artikkel	15
Abonnement	15
5. Internasjonalisering.....	16
Engelskspråklege sider	16
Internasjonaliseringssider	16
Deltaking i internasjonale nettverk og samarbeid	16
Internasjonale førespurnader	17
Besøk frå utlandet og presentasjonar.....	17
6. Forskarbasen	18
Nye publiseringar og oppdateringar	18
Bruk og (be)søk i forskarbasen	18
7. Prosjekt med ekstern finansiering	19
Ressursbank for likestilling i forsking.....	19
Talent på spill.....	20
Gender in Norway	20
orgbase.no	20
Forening for kjønnsforskning i Norge (FOKK)	21
Nettsider for Nasjonal forskerskole	21
Oppdrag for Forskningsrådet.....	21
DEMROK – PLUREQ – FFRR	22
Kvinner i ROSA – på engelsk	22
8. Styre og stab – kompetanse og deltaking	23
Styre	23
Stab.....	23
Frilansarar	25
Staben si deltaking i nettverk, råd og utval	25
Kursdeltaking	25
Utflyktar og sosiale samankomstar	25
Etikk og ressursbruk, likestilling, mangfold og HMS-arbeid	25

KILDENs årsrapport 2010

Takk 27

Nokre utvalde tall i 2010

- 2 518 965** kroner realisert på eksternt finansierte prosjekt (2 935 189 i 2009)
- 510 123** nettbesøk (592 921 i 2009)
- 1 778** abonnentar på nyheitsbrevet per 31.12.2010 (1 714 per 31.12.2009)
- 686** kjønnsforskarar i forskerbasen.no (690 per 31.12.2009)
- 378** tilvisingar i Mediespeilet (474 i 2009)
- 400** medlemmar i KILDEN si gruppe på Facebook (300 i 2009)
- 186** nye publikasjonar omtalt i Publisert-spalta (195 i 2009)
- 166** arrangement publisert i Nordkalender (131 i 2009)
- 158** Notert-saker publisert på nettstaden (160 i 2009)
- 112** svar på førespurnader registrert i KILDEN sitt arkiv (105 i 2009)
- 95** nyheitsartiklar publisert på nettstaden (102 i 2010)
- 61** nyheitsartiklar publisert på forskning.no (84 i 2009)
- 36** doktoravhandlingar presentert på nettstaden (25 i 2009)
- 20** nyheitsartiklar publisert på engelsk på kilden.forskningsradet.no (21 i 2009)
- 17** fagfellevurderte artiklar publisert i *Tidsskrift for kjønnsforskning* (12 i 2009)
- 8,5** årsverk inkludert redaktørar for tidsskriftet (9,6 i 2009)

1. Hovudsatsingsområde og milepålar i 2010

KILDEN har som tenesteytande organ for kjønnsforskingsfeltet i oppgåve å formidle og fremje dokumentasjonen av kjønnsforskinga i Noreg.

Formidling

Ein jamn vekst i abonnenttalet på nyhetsbrevet og tilbakemeldingar frå ulike brukargrupper viser at KILDEN si nyheitsformidling er synleg og blir brukt i mange fora. Ikkje minst var interessa for kjønnsforsking stor i samband med at NRK1 sende den mykje omdiskuterte populærvitksapelege serien *Hjernevask*, der både kjønnsforskinga og anna forsking blei utsett for sterkt kritikk. KILDEN tok del i diskusjonen med informasjon som både imøtekomm, nyanserte og eksplisitt diskuterte bildet som blei teikna i tv-serien og den offentlege debatten om emnet.

Veksten i kjønnsforskinga gjer det nødvendig å prioritere kva og korleis KILDEN skal formidle. Nyheitssakene har hatt god spreiing, både med omsyn til tema, disiplinar, geografisk tilhørslle og institusjon. Strategien har vore brei nyheitsformidling, noko ein har lagt vekt på og oppnådd. KILDEN intervjuar både masterstudentar, doktorgradsstipendiatar og etablerte forskarar, med dei etablerte forskarane i overvekt.

Dette var tredje året KILDEN ga ut *Tidsskrift for kjønnsforskning* saman med Universitetsforlaget, eit samarbeid som har fungert godt. Produksjonen har gått etter planen. Kåringa av Årets artikkel blei vidareført.

Dokumentasjon

Å fremje dokumentasjon av kjønnsforskingsfeltet er ei oppgåve som betyr samarbeid med og forbetring av generell forskingsdokumentasjon i Noreg. Eit eksempel på dette er KILDEN sin innsats i samband med Nasjonalt fagråd for kvinne- og kjønnsforskning med publiseringspoeng og representasjonen av kjønnsforskningsrelevante tidsskrift i Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste sine databasar for vitkapeleg publisering. Fagrådet innstiller til rangering av publiseringskanalane for eigne fagfelt til Universitets- og høgskolerådet. KILDEN utarbeidde grunnlaget for og forslaget til rangering av kjønnsforskningstidsskrift til fagrådsmøtet om hausten. Dette arbeidet blir også følgt av nabolandet Danmark, der liknande nivåinndeling av tidsskrift vert gjort.

Talet relevante tidsskrift på kjønnsforskingsfeltet har auka med nærmare 30 titlar, samtidig som ei relativt omfattande revidering av publiseringspoeng for desse er foreslått til Universitets- og høgskolerådet sitt publiseringsutval.

Internasjonalt

Dialogen med kjønnsforskingsmiljøa om KILDEN si internasjonale satsing er kontinuerleg, slik at også behova til forskargrupper og dei ulike miljøa blir tekne i betrakting. Dei engelske sidene, det engelske nyheitsbrevet og spalta Internasjonalt er framleis prioritert. KILDEN har bidrege med presentasjonar av internasjonalisering og publisering i rangerte tidsskrift i ulike kjønnsforskingsmiljø. KILDEN har aktivt teke del i både nordiske og europeiske nettverksmøte, og på relevante nordiske og europeiske konferansar.

Samarbeid og prosjekt

KILDEN held oppe eit brent kontakt- og samarbeidsnettverk gjennom ordinære oppgåver og gjennom ulike eksterne prosjekt. Det årlege kontaktmøtet blei halde i oktober, i samarbeid med Forening for kjønnsforskning. Samarbeidet med og oppdraget for Forskningsrådet har auka, i tråd med strategien, mellom anna fordi Forskningsrådet si satsing på likestilling og kjønnsperspektiv i forsking har involvert KILDEN sin ekspertise i større grad enn tidlegare.

Samla sett fyller KILDEN oppgåva som tenesteytande organ for kjønnsforskningsfeltet i Noreg med formidlings-, dokumentasjons- og nettverksfunksjonane.

Det store eksterne prosjektet av året er arbeidet for Kif-komiteen (Ressursbank for likestilling i forsking og relaterte prosjekt) og portalen Gender in Norway. KILDEN sitt oppdrag for Forskningsrådet har også auka. Viktige forskningsformidlingsprosjekt har vore rammeavtalane med Kjønnsforskningsprogrammet og programmet Internasjonal migrasjon og etniske relasjonar. Sistnemnde program er no avvikla, og det same gjeld dermed KILDEN sitt formidlingsoppdrag. Det er inngått samarbeid med forskningsprogrammet Mer entreprenørskap i tillegg til enkelte konsultoppdrag for Forskningsrådets likestillingssatsingar.

Tidleg på året lanserte KILDEN ein database for frivillige organisasjonar (orgbase.no) og nettutstillinga Pionererfaringer. På hausten var den engelske omsetjinga av nettutstillinga Kvinner i ROSA, om menneskehandel og prostitusjon, klar og blei publisert som ein del av nettstaden portretter.no.

I tråd med strategien har ein jobba for å få til meir arbeid på tvers av prosjekta. Dei fleste prosjekta involverer fleire enn dei direkte prosjektansvarlege, og KILDEN gjer seg nytte av forskjellig kompetanse i staben.

KILDEN har arbeidd å få eit dekningsbidrag på minst 30 prosent på kort sikt og minst 40 prosent på lengre sikt. I snitt ligg dekningsbidraga for 2010 på cirka 39,2 prosent (35 prosent i 2009).

2. Nettstaden

KILDEN sin nettstad <http://kilden.forskningsradet.no> gir mange ulike former for informasjon og speglar alle aktivitetane i KILDEN. KILDEN si målgruppe er brei; kjønnsforskarar, forskarar generelt, studentar og skolelevar, journalistar og media, politikarar, offentleg og privat sektor samt publikum generelt. Totalt har aktiviteten på nettstaden vore av same storleik som i fjar.

Forskningsnyheter

KILDEN sitt nyheitsstoff har hatt god spreiing, både med omsyn til tema, disiplinar, geografisk tilhørslle og institusjonar. Det vert gjort intervju med masterstudentar, doktorgradsstipendiatar og etablerte forskarar, med hovudvekt på sistnemnde gruppe.

Nyheitsstoffet har ein sentral plass på KILDEN si fyrsteside. Det består av tre ulike typar artiklar; nyheitssakene, spalta *Internasjonalt* (tidlegare *Utenriks*) og spalta *Portretter*. Nyheitene blei ved fleire høve plukka opp av andre kanalar i media og vidareformidla som sitat eller eigne saker. I nokre tilfelle blir KILDEN også spurta om tillating til å republisere artiklar, noko ein som regel seier ja til.

I 2010 blei det produsert 83 nyheitssaker om kjønnsforskning, i hovudsak frå Noreg, men også med innslag frå Norden og verda elles (i 2009 var talet 90). 71 artiklar blei skrivne av KILDEN sine forskningsjournalistar eller andre i staben. Seks artiklar blei paralleltpubliserte på nettstaden til Ressursbank for likestilling i forskning. 11 artiklar blei skrivne av frilansarar. Fleirtalet av forskningsnyheitene blei også lagt ut på nettstaden forskning.no. I 2010 blei 61¹ artiklar publiserte på forskning.no (84 i 2009).

KILDEN publiserte åtte artiklar i spalta Internasjonalt (same tal som i 2009). Her vert også rapportar frå norske forskarar og studentar på utanlandsopphold publiserte, og rapportar frå utanlandske forskarar og studentar på opphold i Noreg. I tillegg blei det publisert fire portrett (same tal som i 2009).

Notert

Spalta *Notert* på fyrstesida av KILDEN sin nettstad inneholder notisar om kjønnsforskning og/eller kjønnsforskarar i Noreg og internasjonalt, unntaksvis også stoff med eit rent likestillingsfokus. Dette er stoff som KILDEN ikkje dekkjer med eigne artiklar, men som er henta frå andre nettstader eller frå media (med unntak av KILDEN sitt nyheitsbrev, som også vert lagt i Notert). I 2010 blei det lagt ut 158 Notert-saker. (160 Notert-saker i 2009.)

¹ 19 av desse kom frå Ressursbank for likestilling i akademia, ikkje frå KILDEN sitt nyheitsbrev.

Mediespeilet

Mediespeilet består av lenker til aktuelle nyheitsoppslag om forsking med kjønnsperspektiv i norsk media. Av kapasitetsomsyn er arbeidet nedprioritert inntil vidare. Siste tilvising til nyheitsoppslag blei lagt ut 13. oktober 2010. I 2010 blei det lagt ut 378 tilvisingar (474 tilvisingar i 2009).

Nordkalender

Nordkalender er eit samarbeid mellom sju eininger i fire land. KILDEN koordinerer arbeidet. I 2010 blei det lagt inn 166 arrangement (131 arrangement i 2009) av KILDEN. Det blei totalt publisert 714 arrangement (268 i 2009). Kalenderen inneheld oversikt over *Call for papers* til konferansar. I 2010 blei det publisert 59 *Call for papers* (21 i 2009).

Publikasjonar

På hovudsida i publikasjonsseksjonen vert det presentert nye og aktuelle publikasjonar innanfor kjønnsforskningsfeltet eller med relevans for feltet: nye nummer av tidsskrift, antologiar, monografiar, rapportar, tidsskriftsartiklar med meir. Norske doktoravhandlingar vert registrerte for seg med målsetting om å vere heildekkjande. Det vert lagt inn publikasjonar på norsk, svensk, dansk og engelsk. Hovudvekta av publikasjonane er på norsk eller er skrivne (eller redigerte) av norske forskrarar. 186 publikasjonar blei omtalt i publikasjonsseksjonen i 2010 (195 i 2009).

Vitskapelege tidsskrift

Nettsida gir ein oversikt over tidsskrift på kjønnsforskningsfeltet. Her er alle nordiske tidsskrift med; 9 i alt, samt 149 utanlandske tidsskrift (140 i 2009); hovudsakeleg engelskspråklege. I løpet av året har KILDEN hatt ein grundig gjennomgang av tidsskriftsoversikta. Fleire aktuelle tidsskrift er komne inn i oversikta, medan andre er tekne ut. No inneheld oversikta berre fagfellevurderte tidsskrift som alle var rangert på nivå 1 eller 2 i det norske systemet i 2010. Lenke til det enkelte tidsskriftet si rangering i registeret over autoriserte publiseringaskanalar er lagt til i KILDEN si oversikt.

Magasin

Nettsida presenterer tre nordiske populærvitskapelege tidsskrift som dekkjer kjønnsforsking, samt eit informasjonsblad og eit forskingspolitisk nyheitsbrev på feltet. Sida inneheld også ein oversikt over magasin som jamt dekkjer kjønnsforsking; tre norske magasin, eit norsk/samisk magasin og tre magasin frå Finland og Sverige.

Doktoravhandlingar

Oversikta dekkjer avhandlingar med kjønnsperspektiv som er avgjort ved institusjonar i Noreg eller av norske forskrarar i utlandet. Målsettinga er ein mest mogleg heildekkjande oversikt. Avhandlingar vert også registrerte retroaktivt. KILDEN følgjer institusjonane sine oversikter over avgjorte og komande disputasar. Det er registrert 36 doktoravhandlingar i 2010 (25 i 2009), medan det er registrert 235 avhandlingar til saman i oversikta frå 1984 til 2010.

Engelskspråklege nettsider

Arbeidet med å setje om nyheitssaker frå norsk til engelsk held fram i same omfang som førre året, til saman blei det publisert 20 nyheitssaker på engelsk (21 i 2009). Det blei valt ut saker ein meinte ville ha interesse blant internasjonale brukarar. Desse artiklane blei også formidla gjennom webportalen Gender in Norway. (Les meir om <http://gender.no> i kap. 7.)

KILDEN har også formidla nokre av artiklane på engelsk gjennom den europeiske portalen AlphaGalileo, eit nettstad som formidlar forskingsnyheiter til eit internasjonalt publikum. Det er mogleg å sjå kor mange treff sakene som vert lagde ut, får her, og for KILDEN sin del varierer dette frå 300 til 700 treff per sak. Ein av artiklane frå KILDEN blei plukka opp frå AlphaGalileo og skriven om i Times Magazine.

I publikasjonsspalta på dei engelskspråklege sidene presenterer KILDEN aktuelle publikasjonar på engelsk skrivne av eller redigerte av nordiske forskarar. 95 publikasjonar blei presentert i 2010 (100 i 2009). I tillegg innehold sidene lenker til kjønnsforskningsmiljø i Noreg, abstracts frå artiklane i Tidsskrift for kjønnsforskning og spalta «At a glance», der notisar om engelskspråklege nyheiter om norsk kjønnsforskning og likestilling frå andre nyheitskilder vert publiserte.

Besøksstatistikk²

Tabellane som følgjer, viser besök på nettstaden <http://kilden.forskningsradet.no>. Besök på forskarbasen inngår ikkje i statistikken.

Statistikken viser at KILDEN hadde omkring 510 000 besök, det vil seie eit månadleg gjennomsnitt på nesten 42 000 besök. Dette er ein liten nedgang frå i fjar, etter mange år med vekst og deretter stabilitet i besökstala. Om årsaka er minkande interesse for kjønnsforskning eller auka tilbod frå andre fora, er vanskeleg å seie. Dei fyrste fire månadane auka besökstala samanlikna med tidlegare år, men frå mai vart dei lågare. (Hjernevask-programmet blei sendt i mars-april, men ein eventuell samanheng blir rein gjetting.)

KILDEN held i dag oppe fleire nettstader, og tendensane for besökstala for desse varierer.

Vi er generelt forsiktige med å tolke besøksstatistikk bokstaveleg, mot bakgrunn av diverse feilkjelder. Når abonnementstalet på nyheitsbrevsbrevet og førespurnader til KILDEN aukar samstundes, er det vanskeleg å trekke eintydige konklusjonar om brukaromfanget.

² Nettstatistikk har ei rekke feilkjelder som gjer at alle tal bør behandlast som retningsgjevande, ikkje som absolute mål. Det er også avgrensa kva ein kan tolke ut frå tala. Ei total auke eller minsking i trafikken kan likevel lesast ut av statistikken.

KILDENs årsrapport 2010

År	Besøk per år	Prosentvis endring fra fjoråret
2001	62 426	
2002	77 417	24
2003	121 625	57
2004	159 924	31
2005	224 583	40
2006	360 885	61
2007	502 685	39
2008	598 816	19
2009	592 921	-1
2010	510 123	- 14

Månadsvis oversikt over besøk på nettstaden i 2010 ifølgje nettstatistikken:

År 2010	Tal besøk	Unike gjestar
Januar	52 553	36 023
Februar	51 336	34 680
Mars	59 938	40 951
April	49 157	33 774
Mai	43 224	28 764
Juni	34 054	21 899
Juli	25 153	15 273
August	31 333	19 714
September	41 011	26 617
Oktober	40 225	26 392
November	44 444	27 153
Desember	37 695	20 652

KILDENs årsrapport 2010

Totalt	510 123	302 855 ³
--------	---------	----------------------

Besøksstatistikk på dei engelske sidene

	Tal besøk	Unike besøk
2009	44 727	36 036
2010	47 471	33 436

Besøksstatistikk på dei kvinnehistoriske utstillingane

Portalforsida <http://kvinnehistorie.no> hadde 6 214 registrerte besøk ifølgje nettstatistikken.
(2009: 6 074 registrerte besøk)

<http://stemmerett.no> hadde 11 589 registrerte besøk ifølgje nettstatistikken.
(2009: 13 519 registrerte besøk)

<http://kvinnerifagbevegelsen.no> hadde 9 416 registrerte besøk ifølgje nettstatistikken.
(2009: 7 976 registrerte besøk)

<http://kampdager.no> hadde 34 539 registrerte besøk ifølgje nettstatistikken.
(2009: 33 900 registrerte besøk)

³ Fordi dette er totale tal unike besøk gjennom året, stemmer dei ikkje overens med totalsummen for månadlege besøk.

3. Førespurnader, nyheitsbrev og nye sosiale medium

Førespurnader

KILDEN får førespurnader frå forskrarar, studentar, journalistar og andre brukarar om ulike tema innanfor kjønnsforskning. Forskarbasen og KILDEN sin nettstad er dei viktigaste verktøya for å finne svar. I 2010 er det registrert 112 førespurnader i KILDEN sitt arkiv (105 førespurnader i 2009).

KILDEN sitt e-postbaserte nyheitsbrev

KILDEN sitt nyheitsbrev er eit supplement til nettstaden og blir sendt ut per e-post kvar 14. dag. Talet på abonnentar aukar stadig. Ved utgangen av 2010 hadde nyheitsbrevet totalt 1778 abonnentar (1714abonnentar i 2009). Abonnentane er forskrarar, studentar, journalistar, byråkrater og andre brukarar og interesserte i Noreg, Norden og nokre andre land.

Nyheitsbrev på engelsk

Nyheitsbrev på engelsk, med lenker til nyheitssaker og nye publikasjonar, vert sende ut på e-post kvar sjette uke i samarbeid med Gender in Norway og Ressursbanken sine engelske sider. Det blei sendt ut sju nyheitsbrev i 2010, same tal som i 2009.

Abonnementstalet auka jamt gjennom året. Ved utgangen av 2010 hadde nyheitsbrevet 183 abonnentar (123 ved utgangen av 2009) frå 40 forskjellige land (36 ved utgangen av 2009).

Facebook-gruppe

KILDEN har ei gruppe på Facebook, som ved utgangen av 2010 hadde over 400 medlemmar. Alle nyheitssakene til KILDEN vert lagde her, i tillegg til utvalde boktips, arrangementstips og enkelte av nyheitene frå Ressursbank for likestilling i forskning.

4. Tidsskrift for kjønnsforskning

Tidsskrift for kjønnsforskning er tverrfagleg og kjem ut fire gongar i året. Tidsskriftet publiserer artiklar, kommentarar, debattinnlegg og bokmeldingar, både som temanummer og i opne nummer. Artiklane er i hovudsak skrivne av norske forskrarar, men det er også bidrag på svensk, dansk og engelsk. Hovudseksjonen i tidsskriftet er fagfellevurdert og vert rangert som nivå 1 vitskapeleg utgjeving i det norske systemet.

I 2010 blei det publisert sytten artiklar, to essays, fem bidrag under overskrifta «Kommentar», eitt bokessay og ni bokmeldingar. Forening for kjønnsforskning medverka ein gong til spalta «Nytt fra FOKK». Kvart nummer av Tidsskrift for kjønnsforskning blei presentert på KILDEN sin nettstad og i KILDEN sitt nyheitsbrev. Ein artikkel frå kvart nummer blei publisert i fulltekst på nettstaden, og fleire av bidraga er omtalte av KILDEN sine forskingsjournalistar på nettstaden.

Tidsskrift for kjønnsforskning vert gitt ut av KILDEN i samarbeid med Universitetsforlaget og med støtte frå Norges forskningsråd. Samarbeidet har fungert utmerkt, og produksjonen har følgt planen. Tidsskrift for kjønnsforskning er medlem av Tidsskriftsforeningen.

Redaksjonen

Ansvarleg redaktør for nr. 1 og nr. 2: Agnes Bolsø
Redaktør for nr. 1 og nr. 2: Hilde Danielsen

Ansvarleg redaktør for nr. 3: Hilde Danielsen
Redaktør for nr. 3: Agnes Bolsø

Ansvarleg redaktør for nr. 4: Hilde Danielsen
Agnes Bolsø i permisjon

Redaksjonssekretær: Toril Enger

Medlemmar i redaksjonsrådet

Mathias Danbolt

Anne Britt Flemmen

Jorid Hovden

Don Kulick

Ulla-Britt Lilleaas

Jørgen Lorentzen

Toril Moi

KILDENs årsrapport 2010

Ellen Mortensen

Cecilie Basberg Neumann

Bente Rosenbeck

Dorte Marie Søndergaard

Mari Teigen

Maria Zackariasson

Helene Aarseth

Utgitte nummer

Nr. 1/2010: Ope nummer

Nr. 2/2010: Ope nummer

Nr. 3/2010: Musikk

Nr. 4/2010: Husarbeid

Årets artikkel

«Tobarnskull møtte stua full? Innvandreres fødselstall i norsk offentlig diskurs» av Guro Korsnes Kristensen, stipendiat ved Høgskolen i Nord-Trøndelag og doktorgradsstudent ved Institutt for tverrfaglige kulturstudier ved NTNU, blei vinnar av Årets artikkel 2009.

Juryen besto av

- Marit Anne Aure, forskar ved Norut Tromsø
- Nina Javette Koefoed, lektor ved Institutt for historie og områdestudier, Aarhus Universitet
- Thomas Michael Walle, konservator ved Norsk folkemuseum.

Abonnement

Tidsskrift for kjønnsforskning hadde ved utgangen av 2010 totalt 497abonnentar (551 i 2009). Av desse var 451 betalande abonnentar (510 i 2009) og 46 bytte-/gratisabonnentar (41 i 2009). Av dei betalande abonnentane var 44 studentar, 270 privatpersonar og 137 institusjonar. På Idunn var det 4683 nedlastingar av artiklar, og ettersom tidsskriftet har tilgjengeleg arkiv berre frå 2009 (dei fleste har frå 2002), er dette ei gjennomsnittleg skåre for tidsskriftet innanfor eige fagområde. Det blei gjort 34 kjøp av enkeltartiklar frå tidsskriftet.

Abonnementsprisen i 2010: Institusjonar kr. 600, privatpersonar kr. 420, studentar kr. 260, e-abonnement kr. 700 (kr. 200 viss det er i tillegg til papirutgåva). Laussalspris var kr. 98 + porto.

Medlemskap i Forening for kjønnsforskning i Norge inkluderer abonnement på Tidsskrift for kjønnsforskning.

5. Internasjonalisering

Engelskspråklege sider

KILDEN sine nettsider på engelsk er ein viktig del av internasjonaliseringsarbeidet (sjå kap. 2).

Internasjonaliseringssider

KILDEN sin internasjonaliseringsseksjon på nettstaden gir oppdatert informasjon om moglegheiter for internasjonalt samarbeid, finansiering, publisering og liknande. Sidene har også lenker til generelle nyheter for forskrarar som ønskjer internasjonalt samarbeid. Det er vidare publisert internasjonale utlysingar om finansiering eller forskarstillingar i utlandet og søkeradsfristar for studiar og kurs med kjønnsperspektiv i utlandet.

I 2010 vidareførte KILDEN arbeidet med spalten *Internasjonalt*, der forskrarar og andre relevante aktørar blei intervjuet om erfaringar frå internasjonalisering. Det blei publisert åtte saker, som også blei sende ut i KILDEN sitt nyheitsbrev.

KILDEN oppdaterte sidene med informasjon om EU-forsking etter eit besøk i Brussel. Besøket resulterte også i to nyheitssaker på KILDEN si nettside om kjønnsforsking i EU-forskinga. Slik blei internasjonalisering løfta fram også i andre delar av KILDEN sitt arbeid.

KILDEN har arbeidd med ein oversikt over tidsskrift på kjønnsforskningsfeltet internasjonalt. Denne lista blei lansert både på dei norske og dei engelske sidene for å gjere det lettare for kjønnsforskurar å finne internasjonale tidsskrift å publisere forskinga si i. I samband med utarbeidingsa av tidsskriftsoversikta, gjorde KILDEN også eit viktig arbeid i forhold til det norske registeret over autoriserte publiseringaskanalar, slik at fleire internasjonale tidsskrift på kjønnsforskningsfeltet som gir utteljing i finansieringssystemet, no har blitt synleggjort for norske forskrarar.

KILDEN heldt foredrag om internasjonalisering ved kontaktmøtet for kjønnsforskningsmiljøet i oktober. KILDEN har også halde innlegg på kurs om publisering i internasjonale tidsskrift for forskrarar ved Universitetet i Stavanger.

Deltaking i internasjonale nettverk og samarbeid

Nordisk samarbeid

KILDEN tek del i det nordiske informasjonsnettverket NING – Nordic Information Network Gender – med sine nordiske kollegaer: KVINFO – Center for information om kvinne- og kønsforskning – og Koordinationen for kønsforskning i Danmark, Nationella sekretariatet för genusforskning och Kvinnohistoriska samlingarna i Sverige, Kvinnehistorisk arkiv i Island,

Minna-portalen i Finland og NIKK, Nordisk institutt for kunnskap om kjønn. I tillegg er tidsskriftsredaktørane i Norden inviterte.

KILDEN tok aktivt del i nettverksmøtet i København i januar, som blant anna omhandla bruk av sosiale medium. KILDEN var arrangør av NING nettverksmøte i Oslo i november 2010, som blei kombinert med deltaking på FEMCIT/NIKK-konferansen.

KILDEN var ein av initiativtakarane til og arrangør av eit fellesnordisk besøk hos fleire einingar i Bryssel i juni. Det var mellom anna møte med leiinga for EU-kommisjonens likestillingseining og med eininga for likestilling i forsking. I den nordiske delegasjonen tok KILDEN sine systerorganisasjonar samt Nordisk institutt for kunnskap om kjønn del.

Europeisk og internasjonalt samarbeid

KILDEN deltok på det europeiske nettverksmøtet til ATHENA (Advanced Thematic Network in European Women's Studies) og ATGENDER (The European Association for Gender Research, Education and Documentation) i Brussel i februar 2010. Samtidig blei det arrangert møte i nettverket WINE (Women's Information Network Europe). KILDEN var aktiv i eit panel i samband med lanseringa av den nye europeiske organisasjonen ATGENDER og er medlem av ATGENDER.

I samband med International Federation of Library Associations and Institutions (IFLA) kongress i Göteborg i august arrangerte WINE eit møte saman med IFLAs Women, Information and Libraries Special Interest Group. Forslag om eit felles arrangement i samband med IFLAs kongress i Helsingfors 2012 blei sett fram og har sidan vore under arbeid.

KILDEN får stadig førespurnadar om å vere partnar i ulike prosjektsamarbeid, og deltok i 2010 i søknadsrunder for to europeiske prosjekt. Begge fekk avslag.

Internasjonale førespurnader

I 2010 fekk KILDEN diverse førespurnader og spørsmål frå ulike organisasjonar og forskrarar utanfor Noreg. Alle førespurnadane blei svarte på. KILDEN har ved fleire høve formidla kontakt mellom utanlandske forskingsmiljø og norske forskrarar.

Besøk frå utlandet og presentasjoner

KILDEN har i løpet av året hatt fleire besøk frå utlandet:

- Søsterorganisasjonane i NING-nettverket i samband med nettverksmøtet.
- Diverse forskrarar og politikarar; mellom anna forskar Naoki Atsumi frå Japan, som spesielt interesserar seg for arbeid–familie-spørsmål.
- Irena Smetackova og Petr Pavlik frå Tsjekkia. Desse kom som representantar for eigen nasjonale likestillingspolitikk, men var også interesserte i spørsmål om kjønnsforskning og likestilling i forsking. I tillegg til presentasjon av KILDEN blei også Ressursbank for likestilling i forskning og Gender in Norway grundig demonstrert.

6. Forskarbasen

Forskerbasen.no er ein nasjonal kompetansekatolog over kvinner i forsking, med ein delbase for kvinne- og kjønnsforskjarar og ein delbase for mannsforskjarar.

KILDEN held fram med å bygge om forskarbasen slik at kjønnsforskjarar i Noreg blir meir tilgjengelege, basen meir integrert i nettstaden til KILDEN og enklare å oppdatere. Katalogen over kvinnelege forskjarar vert lagt ned. Arbeidet med omlegginga er godt i gang, men kunne ikkje fullførast i 2010 på grunn av forseinkingar hos web-leverandøren. Ein reknar med at arbeidet vert fullført i 2011.

Nye publiseringar og oppdateringar

Per 31.12.2010 er det publisert 686 personar med kvinne- og kjønnsforskingsskompetanse i forskarbasen. Det er ein nedgang på 4 personar frå 2009. Delbasen for mannsforskjarar har 86 personar, 7 færre enn i 2009.

Bruk og (be)søk i forskarbasen

Forskarbasen er eit av KILDEN sine viktigaste verktøy når ein skal svare på førespurnader. Mange brukarar søker sjølv i basen, men nokre journalistar, studentar, forskjarar og andre ringer eller sender e-post til KILDEN.

Det er cirka 1215 besøk per månad ifølgje nettstatistikken. I 2009 var tilsvarande tal cirka 945 per månad.

2010	Besøk	Nedlasta sider
Januar	1225	9 088
Februar	1258	7 947
Mars	1919	11 382
April	1159	8 022
Mai	1002	8 733
Juni	1006	8 653
Juli	936	7 771
August	1 213	7 906
September	1 361	6 726
Oktober	1 287	8 460

November	1 241	7 355
Desember	955	5 200
Sum	14 562	97 243

7. Prosjekt med ekstern finansiering

Prosjektoppeføljen til KILDEN består av både kortvarige oppdrag og av oppdrag som varer i mange år. I tråd med strategien søker ein å få i stand meir arbeid på tvers av prosjekta. Dei fleste prosjekta involverer fleire enn dei som er direkte prosjektansvarlege, og KILDEN gjer seg nytte av ulik kompetanse i staben.

KILDEN har søkt å få i stand eit dekningsbidrag på minst 30 prosent på kort sikt og minst 40 prosent på lengre sikt. I snitt ligg dekningsbidraga for 2010 på cirka 39,2 prosent (35 prosent i 2009).

Ressursbank for likestilling i forskning

KILDEN har på oppdrag frå Komité for kjønnsbalanse i forskning (tidlegare Komité for integreringstiltak – Kvinner i forskning) bygd opp nettstaden *Ressursbank for likestilling i forskning*. Ved overgangen til ny komité 1. april blei komiténamnet endra, og med dette blei også Ressursbankens namn på norsk og engelsk samt nettadressa endra. I samband med avslutninga av den andre komiteen og overgangen til den nye og tredje komiteen, bidrog Ressursbanken til komiteen sin verksemderapport 2007–2010.

KILDEN har utarbeidd rapporten "Gjennomgang av handlingsplaner for likestilling ved universitet og høgskoler – en oppsummering av Ressursbankens arbeid 2009–2010" for komiteen. Oversikta viser at 20 av totalt 46 institusjonar har operative handlingsplaner per 31.10.2010. Heile 26 institusjonar manglar handlingsplan eller har ein handlingsplan som er gått ut.

I løpet av året er det gjort ei rekke større endringar på nettstaden. Det er mellom anna lansert Aktuelt-spalter under menypunkta *Forskning* og *EU-guide*. Sistnemnde har også fått nye underpunkt og er fullstendig oppdatert. Menypunkta *KIF-komiteen*, *Likestillingsprisen* og *Nettverk* er også gjennomgått, oppdatert og forbetra i løpet av året.

Magasinet på Ressursbanken vert oppdatert med eigne nyheitssaker kvar månad. Det blei lagt ut 45 saker i 2010 (52 i 2009). Ressursbanken har eit månadleg nyheitsbrev på norsk. Per 31.12.2010 blei det sendt til 750 abonnentar (682 i desember 2009). Fordi nyheitsbrevet også vert sendt ut på e-postlister, er talet på mottakarar fleire enn talet på abonnentar. Brevet når ut til 100–200 personar ekstra utover abonnentane på nyheitsbrevet. I tillegg vert ei rekke av sakene fra nyheitsbrevet spreidd i andre nyheitsbrev, både i Noreg og i Norden.

Ressursbanken har også følgt opp satsinga på internasjonalisering. Alle seksjonane på den engelske nettstaden blei oppdaterte i løpet av året. Det er sett om 22 nyheitssaker til det engelske

magasinet (18 i 2009). Desse har også blitt formidla gjennom portalen *Gender in Norway* og spreidd gjennom det engelske nyheitsbrevet som Ressursbanken gir ut i samarbeid med KILDEN og *Gender in Norway*.

Ressursbanken hadde 69 285 besøk og 422 981 nedlasta sider i 2010. På grunn av innføring av nytt statistikkverktøy i mai er det ikkje mogleg å samanlikne tala med tidlegare år.

Arbeidet med Ressursbanken vert vidareført i 2011.

Talent på spill

På oppdrag frå Komité for kjønnsbalanse i forskning har KILDEN vore involvert i produksjonen av ei handbok med tema leiing og likestilling. Publikasjonen *Talent på spill – gode eksempler på forskningsledelse* blei gitt ut i mars og er retta mot mellom anna leiarutdanninga ved universitet, høgskolar og forskingsinstitutt.

KILDEN fekk også vere med på å utarbeide ein engelsk versjon av boka. Publikasjonen *Talent at stake. Changing the culture of research – gender-sensitive leadership* er ein redigert versjon av den norske handboka og rettar seg mot eit internasjonalt publikum. Boka blei lansert hausten 2010.

Gender in Norway

Nettportalen Gender in Norway (<http://gender.no>) gir ein samla og oppdatert oversikt over norsk offentleg likestillingsarbeid, relatert statistikk og kjønnsforskning i Noreg retta mot eit internasjonalt publikum. Nettportalen er eit samarbeidsprosjekt mellom fleire departement og andre offentlege einingar. Arbeidet er koordinert av KILDEN sidan 2006 og held fram i 2011.

Totalt lenka KILDEN opp 93 nyheitssaker i nyheitsspalta i nettportalen i 2010 (78 i 2009).

Det blei totalt publisert 131 arrangement (130 i 2009) og 33 Calls for papers (20 i 2009) i kalenderen på <http://gender.no>.

orgbase.no

Databasen orgbase.no samlar informasjon om frivillige organisasjonar i Noreg med kjønns- og likestillingsprofil og/eller engasjement for kjønns- og likestillingsspørsmål. Nettverk, utval og liknande organisasjonar inngår. Desse kan ha nasjonal, regional eller lokal organisering og organiseringsgrunnlag av religiøs, etnisk, politisk eller annan karakter. Databasen er tilgjengeleg på norsk og på engelsk.

Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet har finansiert oppstarten av databasen, og i tillegg bidrar FOKUS – Forum for Kvinner og Utviklingsspørsmål – til drifta. I slutten av 2009 blei organisasjonane inviterte til å registrere seg i databasen, og i løpet av 2010 registrerte 68 organisasjonar seg. KILDEN drifter databasen også i 2011.

Forening for kjønnsforskning i Norge (FOKK)

KILDEN har utført enkelte sekretariatsoppgåver for FOKK sidan 2002. Desse består hovudsakeleg av økonomiarbeid, medlemsregister, oppdatering og utlegging av tekster på nettstaden <http://fokk.no>, utsending av nyheitsbrev og anna informasjon og arkivering.

Nettsider for Nasjonal forskerskole

Nasjonalt fagråd for kjønnsforskning organiserer ein nasjonal forskarskole i tverrvetskapleg kjønnsforskning med offisiell oppstart 1. januar 2011. Ansvaret for arrangeringa av dei enkelte forskarkursa er fordelt på dei ulike kjønnsforskingssentra i landet. KILDEN har fått oppdraget med å lage eit nettstad som samlar all informasjon om dei ulike kursa. Det er også satt i gong arbeid med å få sidene sett om til engelsk, og dette arbeidet vil halde fram i 2011.

Oppdrag for Forskningsrådet

Kontakten og samarbeidet med Forskningsrådet har vore tett også i 2010. Forskningsrådet har brukt KILDEN som konsulent for blant eiga likestillingsarbeid. I tillegg vert både eldre og nyare formidlingsoppdrag ført vidare.

Innovasjon og entreprenørskap

Forskningsrådet si entreprenørskapssatsing har engasjert KILDEN for eit oppdrag med å utarbeide argumentasjon for å satse på mangfold og likestilling i rådet sine næringsretta program. Oppdraget vil blir stilt ferdig over nytår 2011.

I tillegg har KILDEN produsert nyheitssaker om relaterte program i Forskningsrådet:

- Fra minus til pluss på Sørlandet, av Marte Ericsson Ryste 12.12.2010, om programmet Virkemiddel for regional FoU og innovasjon (VRI)
- Vil vite mer om entreprenørskap, av Heidi Elisabeth Sandnes 3.12.2010, om programmet Mer entreprenørskap (MER)
- Tiltak som virker, av Anne Winsnes Rødland 21.7.2010, om programmet Kjernekompesanse og verdiskaping i IKT (VERDIKT)

Formidlingstenester for forskingsprogrammet Kjønnsforskning

KILDEN formidlar aktuelt frå forskingsprogrammet Kjønnsforskning. I løpet av året er det gjort fem intervju med forskrarar som har fått middel frå Kjønnsforskningsprogrammet. Nyheitssakene er publiserte både hos KILDEN og på programmet si heimeside. I tillegg blir dei formidla gjennom nyheitsbrev, publisering på forskning.no og i nokre tilfelle også som omsette nyheitssaker i KILDEN sine engelskspråklege formidlingskanalar.

2.–3. september deltok ein forskingsjournalistane i KILDEN på programsamling i Kristiansand.

Formidlingstenester for forskingsprogrammet Internasjonal migrasjon og etniske relasjoner

KILDENs årsrapport 2010

Formidlingsoppdraga som KILDEN hadde for programmet Internasjonal migrasjon og etniske relasjoner (IMER), og som no er avslutta, bestod av 24 nyheitssaker skrivne av KILDEN sine medarbeidarar eller frilansarar. Sakene var basert på intervju med IMER-forskarar og i nokre tilfelle andre forskrarar på feltet, som for eksempel innleiarar på IMER-arrangement. Alle nyheitssakene blei publiserte på programnetsidene til IMER, og i den grad temaet var relevant, i KILDEN sitt nyheitsbrev. Nokre av sakene har også vore publisert hos forskning.no.

DEMROK – PLUREQ – FFRR

KILDEN har oppdatert nettstaden DEMROK – Demokrati, religionsfrihet og kvinnens menneskerettigheter.

I tillegg er det utarbeidd nettpresentasjonar av to nye forskingsprosjekt finansiert av forskingsprogrammet Internasjonal migrasjon og etniske relasjoner (IMER). Desse er PLUREQ, Gender equality, cultural diversity, religious pluralism: State policies and feminist interventions og FFRR, fra formelle til reelle rettigheter.

Presentasjonane omfattar presentasjonar av prosjekt og deltagarar, publikasjonar, debatt- og nyheitsartiklar, leveransar og nettverk.

Arbeidet med formidling av DEMROK og PLUREQ vil bli vidareført i 2011.

Kvinner i ROSA – på engelsk

Kvinner i ROSA er ei nettutstilling om menneskehandel og prostitusjon. Utstillinga blei publisert på norsk i 2008 som ei delutstilling under KILDEN sin nettstad portretter.no. I 2010 blei utstillinga omsett til engelsk ved hjelp av middel frå Justis- og politidepartementet. Det blei utvikla ei engelskspråkleg nettløysing knytt til portretter.no. Denne blei lansert hausten 2010.

8. Styre og stab – kompetanse og deltaking

Styre

KILDEN er organisert som ei randsone i Norges forskningsråd under leding av eit eige styre. Styret vert peika ut av Forskningsrådets administrerande direktør.

Noverande styre er peika ut for perioden 2010–2013 og har følgjande samansetting:

Leiar: Professor **Anne-Jorunn Berg**, Høgskolen i Bodø

Nestleiar: Instituttssjef **May-Len Skilbrei**, FAFO, Oslo

Medlemmar:

Seniorrådgjevar **Claus Jervell**, Likestillings- og diskrimineringsombudet

Fyrsteamanuensis **Hans Wiggo Kristiansen**, Høgskolen i Gjøvik

Informasjonsleiar **Jørgen Moland**, Institutt for samfunnsforskning, Oslo

Varamedlemmar:

Professor **Jan Petter Hansen**, Universitetet i Bergen

Konservator/museumspedagog **Mona Holm**, Kvinnemuseet i Kongsvinger

Stipendiat **Stine Helena Bang Svendsen**, NTNU

Det blei halde to styremøte i 2010: 16. juni og 15. oktober.

Følgjande observatørar har vore med på møta:

- Lise Christensen, Norges forskningsråd, 16. juni og 15. oktober.
Heidi Elisabeth Sandnes, tilsett i KILDEN, 15. oktober.
- Anita Haslie, tilsett i KILDEN, 16. juni.

Stab

KILDEN har seks faste stillingar. To av desse er finansiert med prosjektmiddel. Totalt har det vore 8,5 årsverk knytt til verksemda i 2010 (9,6 årsverk i 2009) inkludert redaktørar.

Faste stillingar

- Maria Grönroos, direktør
- Toril Enger, fyrstekonsulent. Administrative oppgåver og redaksjonssekretær for Tidsskrift for kjønnsforskning.

KILDENs årsrapport 2010

- Kristin Engh Førde, rådgjevar. Forskingsjournalist, med ansvar for blant anna nyheitsspalter og frilansarar. Permisjon frå september 2010 til mars 2011.
- Marte Ericsson Ryste, rådgjevar. Prosjektleiar for Ressursbank for likestilling i forskning og relaterte prosjekt, ansvar for publikasjonsseksjonen. Delvis i studiepermisjon i 2010.
- Heidi Elisabeth Sandnes, rådgjevar. Forskingsjournalist og ansvar for nettutvikling.
- Anita Haslie, rådgjevar. Ansvar for internasjonalt arbeid. Frå hausten hovudsakeleg som forskingsjournalist.

Prosjekttilsette, vikariat og redaktørar

- Kristin Aukland, fyrstekonsulent. Jobba med prosjektet Ressursbank for likestilling i forskning.
- Stine Bøe, fyrstekonsulent. Jobba med Gender in Norway-prosjektet og prosjektet orgbase.no.
- Unni Rustad, fyrstekonsulent. Jobba på nettutstillinga Pionererfaringer og sette om utstillinga Kvinner i Rosa til engelsk.
- Anne Winsnes Rødland, fyrstekonsulent. Jobba med fleire prosjekt og hadde ansvar for internasjonalt arbeid gjennom hausten.
- Agnes Bolsø og Hilde Danielsen, redaktørar for Tidsskrift for kjønnsforskning årgang 2009, 20 prosent-stillingar.

Praktikantar og ekstrahjelp

- Bozena Larsen var bibliotekarpraktikant i januar og februar frå utdanninga i bibliotek- og informasjonsvitenskap, Høgskolen i Oslo.
- Elisabet Hafstad var bibliotekarpraktikant i mai og juni frå utdanninga i bibliotek- og informasjonsvitenskap, Høgskolen i Oslo.
- Elisabet Hafstad var engasjert som konsulent på timebasis frå 15. oktober og ut året.
- Elin Løkken var frikjøpt 20 prosent frå stillinga som konsulent ved Nordisk institutt for kunnskap om kjønn i november og desember i samband med vikararbeid for KILDEN.
- Van The Pham og Ayesha Gulraiz Baluch jobba for KILDEN innafor ramma for Operasjon dagsverk i oktober.

KILDENs årsrapport 2010

Frilansarar

- Astrid Sverresdotter Dypvik: 1 nyheitssak
- Siri Lindstad: 3 nyheitssaker
- Heidi Røneid: 3 nyheitssaker
- Charlotte Myrbråten: 1 nyheitssak
- Linn Stalsberg: 2 nyheitssaker
- Karen Valsø: 1 nyheitssak

Staben si deltaking i nettverk, råd og utval

KILDEN er med i ulike nettverk, råd og utval. Til dømes har dei

- ein observatør i Nasjonalt fagråd for kjønnsforskning
- ein observatør i Komité for kjønnsbalanse i forskning
- eksterne representantar i styret til Senter for tverrfaglig kjønnsforskning ved Universitetet i Oslo i 2008–2011. Maria Grönroos er hovudrepresentant og Kristin Engh Førde vararepresentant.
- eit medlem, Maria Grönroos, i styret til WINE, eit europeisk samarbeid mellom biblioteks-, arkiv- og informasjonseiningar innanfor kjønnsforskning og likestillingsspørsmål
- fått invitasjon til å delta i ei ressursgruppe for Kvinnemuseet frå 2011

Kursdeltaking

- Opplæring for verneombod, Forskningsrådet, tre dagar: Heidi Elisabeth Sandnes
- Grunnkurs foto, Oslo Kameraklubb, sju kveldar: Heidi Elisabeth Sandnes og Kristin Engh Førde
- Lynkurs for nettredaktørar, ein dag: Kristin Aukland

Utfuktar og sosiale samankomstar

24.6. Sommaravslutning med besøk på utstillinga “7th LANE – Photography from heaven and hell” og lunsj på La Donna dei Tuffi på Lysaker brygge.

17.12. Julelunsj på Grand hotell.

Etikk og ressursbruk, likestilling, mangfold og HMS-arbeid

Det er utarbeidd ei informasjonspakke for alle medarbeidarar, og i denne har KILDEN si målsetting om å verer ei etisk og ressursmessig haldbart verksemeld blitt formulert og konkretisert. Mellom anna vert alle oppfordra til å vurdere miljøaspekt ved val av reiser. KILDEN sin policy

KILDENs årsrapport 2010

om etiske gåver i samband med markeringar og julehelsingar er vidareført. Julehelsinga i 2010 støtta Naturvernforbundet sitt internasjonale arbeid for meir miljøvenleg utvikling og betre bruk av energi.

Alle tilsette i KILDEN er kvinner. KILDEN ønskjer meir mangfold i staben med tanke på kjønn, etnisitet og funksjonsdugleik, men ettersom det ikkje blei lyst ut stillingar i 2010, er det inga endring i situasjonen. Ved bruk av frilansarar, ekstrahjelp og andre legg KILDEN vekt på behovet for meir mangfold.

KILDEN flytta inn i Stensberggata 25 i fjor, og har fått meir tilgjengelege lokal, også for rullestolbrukarar. I det daglege arbeidet er mangfoldsperspektivet ein integrert del og har noko å seie for val av intervjuobjekt, bildebruk, tilrettelegging av nettinformasjon, med meir.

Heidi Elisabeth Sandnes er verneombod i KILDEN.

Sjukefråveret i 2010 har vore 8,2 prosent.

Takk

Ein stor takk til løyvingsmaktene, oppdragsgjevarar og aktive samarbeidspartnarar i 2010:

- Advanced Thematic Network of Women's Studies in Europe – ATHENA3
- AlphaGalileo – online press center for European research news
- ATGENDER European Association for Gender Research, Education and Documentation
- Avdeling for kvinnerett, barnerett, likestillings- og diskrimineringsrett (KVIBALD), UiO
- Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet
- EL & IT Forbundet
- Faggruppa for distriktskvinneforskning og utvikling i Alta
- FEMM-nettverket
- FOKUS – Forum for Kvinner og Utviklingsspørsmål
- Forening for kjønnsforskning i Norge – FOKK
- forskning.no
- Forskingsprogrammet Mer entreprenørskap – MER
- Forskingsprogrammet for kjønnsforskning
- Forskingsprogrammet Internasjonal migrasjon og etniske relasjoner – IMER
- Forskingsprosjektet Demokrati, religionsfrihet og kvinnens menneskerettigheter – DEMROK
- Forskingsprosjektet Gendered Citizenship in Multicultural Europe – the Impact of Contemporary Women's Movements – FEMCIT
- Forskingsprosjektet Gender equality, cultural diversity, religious pluralism: State policies and feminist interventions – PLUREQ
- Forskingsprosjektet Fra formelle til reelle rettigheter – minoritetskvinners diskrimineringsvern – FFRR
- Forsvarsdepartementet
- Fritt Ord
- Komité for kjønnsbalanse i forskning

KILDENs årsrapport 2010

- Kommunal- og regionaldepartementet
- Koordinationen for Kønsforskning, Københavns Universitet
- KUN – Senter for kunnskap og likestilling, Nordfold
- Kunnskapsdepartementet
- KVINFO Center for information om kvinde- og kønsforskning, Danmark
- KvinnSam – Nationellt bibliotek för genusforskning, Göteborgs universitetsbibliotek
- Likestilling, integrering, migrasjon – LIM, Institutt for samfunnsvitenskap
- Likestillings- og diskrimineringsombudet – LDO
- Likestillingssentret, Hamar
- LO
- Minna-portalen i Finland
- Nasjonalt fagråd for kjønnsforskning
- Nasjonalt kontaktmøte for kvinne- og kjønnsforskning
- Nationella sekretariatet för genusforskning, Sverige
- Nettverk for homoforskning
- Nettverk for kjønnsforskning, Universitetet i Stavanger
- NING-nettverket – Nordic Information Network Gender
- Nordisk institutt for kunnskap om kjønn – NIKK
- Norges forskningsråd
- ODA, nettverk for kvinne- og kjønnsforskning ved HiL, NINA og Østlandsforskning
- Organisasjonen Mot Offentlig Diskriminering – OMOD
- Senter for kjønnsforskning – SKF, NTNU
- Senter for kvinne- og kjønnsforskning – KVINNFORSK, Universitetet i Tromsø
- Senter for kvinne- og kjønnsforskning – SKOK, Universitetet i Bergen
- Senter for tverrfaglig kjønnsforskning – STK, Universitetet i Oslo
- Statistisk sentralbyrå
- Stiftelsen Kvinnemuseet – Museene i Glåmdal
- Universitets- og høgskolerådet

KILDENs årsrapport 2010

- Universitetsforlaget
- Utdanningsdirektoratet
- Utenriksdepartementet
- Women's Information Network Europe – WINE